



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

04.07.2024

Vår ref:

2024/8066

Dykkar dato:

23.05.2024

Dykkar ref:

202212578

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til førespurnad om permanent senking av høgste regulerte vasstand i Skulstadvatnet i Bergen kommune

Statsforvaltaren kjenner ikkje til viktig naturmiljø som kan bli negativt påverka av senkinga av vasstanden eller av planlagde tiltak på dammen. Det bør vurderast om representantar for friluftslivet i området bør involverast i høyringa.

Vi viser til høyringa som gjeld konsesjonspliktavurdering av ein førespurnad om permanent senking av høgste regulerte vasstand (HRV) i Skulstadvatnet. Det skal òg etablerast eit nytt overløp og støypast ei betongplate på dammen. Bakgrunnen for tiltaka er krav etter damsikkerheitsforskrifta.

Vår vurdering

Det er nødvendig å sikre damanlegget, og seinking av vasstanden kombinert med nokre tiltak på demninga, verkar å vere ei fornuftig løysing framfor å setje i verk omfattande rehabilitering.

Vi kjenner ikkje til raudlisteartar eller viktige naturtypar som vil bli påverka av tiltaket. Skulstadvatnet ligg i eit svært viktig friluftsområde. Det er nemnt i søknaden at friluftinteressene vil bli negativt påverka av den synlege reguleringssona vidare opp til dagens HRV. Vi legg til grunn at konsekvensar for friluftslivet blir vurdert. Det bør òg vurderast om representantar for friluftslivet bør involverast i høyringa.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Eventuell betong som skal fjernast blir rekna som næringsavfall og kan innehalde miljøgifter som krev særskilt handsaming, jf. forureiningslova § 32 og avfallsforskrifta kap. 11 om farleg avfall.

Vi legg til grunn at flaumsikkerheita blir nærare vurdert og ivareteke i saka.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Kopi til:

Bergen kommune

Vestland fylkeskommune

Postboks 7700

Postboks 7900

5020

5020

BERGEN

BERGEN